



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Randi Solveig Pedersen	FE-400	22/659

### Revidert sak: Lønspolitikk - Kompetansetillegg

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår følgjande vedtak til lokal lønspolitikk:

- Det blir gitt kompetansetillegg for stillingar i HTA kapittel 4 med beløp og trinn slik som vedtatt i lokal lønspolitikk (også for UNDERVISNINGSTILLINGAR). I tilfeller kor kompetansetillegg gir høgare løn enn det som tariffavtalen gir ved opprykk til neste/høgare stillingskode, skal løna være slik som tariffen ved opprykk tilsier.
- Det blir gitt kompetansetillegg for stillingar i HTA kapittel 4 ved gjennomført relevant etter- og vidare utdanning:

75 studiepoeng gjer kr 32 500,- utover tariffesta løn  
90 studiepoeng gjer kr 37 000,- utover tariffesta løn  
105 studiepoeng gjer kr 43 500,- utover tariffesta løn  
120 studiepoeng gjer kr 50 000,- utover tariffesta løn

### Lønspolitikk i Vaksdal kommune

#### Bakgrunn for saka

Saka er behandla i Administrasjonsutvalet 31.05.2022 09:30 - Sak 11/2022

#### Det er gjort slikt vedtak:

Administrasjonsutvalet vedtek vedlagde «Lønspolitikk for Vaksdal kommune» slik den er vedlagt saka.

1. Fyrste avsnitt under "Kompetansetillegg" blir endra til:

Vaksdal kommune ynskjer å påskjønne tilsette for gjennomføring av relevant etter- og vidareutdanning. Denne påskjøninga skal haldast utanfor lokale lønnsforhandlingar.

Etter- og vidareutdanning skal avklarast med nærmaste leiar.

Vurdering av behov og relevanse skal sjåast i samanheng med eit overordna mål om kompetanseheving i organisasjonen, strategisk kompetanseplan og kompetanseplanar for dei ulike einingane.

2. Satser for kompetansetillegg for alle stillingar i HTA kapittel 4 (eksklusiv undervisningsstillinger) skal vere:

15 studiepoeng gjer kr 7500,- utover tariffesta løn.  
30 studiepoeng gjer kr 12 500,- utover tariffesta løn.  
45 studiepoeng gjer kr 18 500,- utover tariffesta løn.  
60 studiepoeng gjer kr 25 000,- utover tariffesta løn.

Administrasjonsutvalet ber om at det vert lagt fram sak til neste møte gjeldande satser for kompetansetillegg for alle stillingar i HTA kapittel 4 (INKLUSIV undervisningsstillinger)

### **Saksopplysningar**

I møte den 31.05.2022 endra administrasjonsutvalet satsane for kompetansetillegg. Satsane for kompetansetillegg blei gjort like for alle stillingar (eksklusive undervisningsstillinger). Høgskulegruppene og fagarbeidargruppene får like store kompetansetillegg.

Undervisningsstillinger har sitt eige kompetanselønssystem i HTA. Dette medfører at tilsette i undervisningsstillinger får automatisk opprykk til ny stillingskode og ny løn når dei har gjennomført 60 studiepoeng med relevant vidareutdanning.

Tilsette i undervisningsstillinger ønskjer også å få kompetansetillegg slik som andre høgskulegrupper, når dei har gjennomført relevant vidareutdanning på under 60 studiepoeng. Begrunnelsen for dette er at om man ikkje gjennomfører heile studie på 60 studiepoeng, vil man ikkje få kompensasjon for gjennomført utdanning. Dette opplever dei som urettferdig.

I dag er det 15 – 20 personer i undervisningsstillinger som har gjennomført deler av eit studie. Dei aller fleste av desse har gjennomført 30 studiepoeng. Dette utgjer kompetansetillegg kr 12 500 pr. år, om dei får same ordning som andre stillingar med krav om høgskuleutdanning. Ein del av desse vil studere vidare og gjennomføre 60 studiepoeng. Då vil dei rykke opp til neste stilling i HTA.

### **Vurdering og konsekvensar**

#### **Kompetansetillegg i forhold til opprykk til ny stilling**

Administrasjonen har sett på alle stillingsgrupper (inklusive undervisningsstillinger). Det er gjort vurderingar av satser for kompetansetillegg i forhold til opprykk til ny stilling i tariffavtalen. Dette er gjort med utgangspunkt i revidert tariffavtale som er gjeldande frå 01.05.2022.

I revidert tariffavtale står det «Arbeidstaker som har fullført relevant vidareutdanning etter *avtale* med arbeidsgiver, og i tråd med kommunens kompetanseutviklingsplan, får rett til opprykk til relevant ny stillingskode hvis den ansatte oppfyller kravene til en høyere plassert stillingsgruppe». Dette er eit system som gir andre faggrupper same rett til opprykk på lik linje med det som undervisningsstillinger har hatt og har fortsatt.

#### **Intensjonen med kompetansetillegg og konsekvenser ved ny tariffavtale**

Intensjonen med kompetansetillegg har vært å gje kompensasjon til tilsette som har gjennomført relevant etter og vidare- utdanning og som ikkje ville få kompensasjon for dette i tariffavtalen. Nå

som tariffavtalen er blitt endra, er tilsette i langt større grad sikra lønnskompensasjon for relevant kompetanseutvikling via tariffavtalen.

Det viser seg at ved å gi kr 25 000 i kompetansetillegg for 60 studiepoeng vil ein i fleire tilfeller få høgare løn ved å ligge i gamal stillingskode + kompetansetillegg, framfor å rykke opp til ny stillingskode i tariffavtalen. Dette vil spesielt gjer seg gjeldande for fagarbeidarstillingar. Her vil ein tilsett få kr 3000 – 5000 (avhengig av ansiennitet) meir i årsløn ved å behalde stillingskode som fagarbeidar med kr 25 000 i kompetansetillegg, framfor å rykke opp til stillingskode som fagarbeidar med 1 års fagskule på 60 studiepoeng.

#### Eksempel:

Fagarbeidar med 10 års ansiennitet har årsløn på kr. 448 400.

Ved gjennomføring av 60 studiepoeng gis kompetansetillegg på kr 25 000.

Årsløn for fagarbeidar med kompetansetillegg vil da bli kr 473 400.

Stilling som fagarbeidar med 1 års fagskule og 10 års ansiennitet vil i henhold til tariffavtalen få årsløn på kr 468 400.

For stillingar med krav om 3 og 4 årig høgskule vil ein med kr 25 000 i kompetansetillegg i nokre tilfeller få høgare løn ved å behalde gamal stillingskode + kompetansetillegg, framfor å rykke opp til ny stillingskode i tariffavtalen. I dei fleste tilfella vil høgskulegruppene få høgare løn ved tariffopprykk, framfor kompetansetillegg i gamal stilling. Dette gjelder også for undervisningsstillingar.

#### Eksempel:

Stilling som lærer med 3 årig høgskule og 10 års ansiennitet har årsløn på kr. 529 900.

Ved gjennomført 60 studiepoeng gis kompetansetillegg på kr 25 000.

Årsløn 3 årig høgskule med kompetansetillegg vil da bli kr 554 9000.

Stilling med krav om 4 årig høgskule og 10 års ansiennitet vil i henhold til tariffavtalen gi årsløn på kr 552 900.

Administrasjonen foreslår å gje kompetansetillegg med beløp og trinn slik som vedtatt i lokal lønspolitik, også for undervisningsstillingar. I tilfeller kor kompetansetillegg gir høgare løn enn det som tariffavtalen gir ved opprykk til neste/høgare stillingskode, skal løna være slik som tariffen ved opprykk tilseiar. Dette vil medføre at tilsette med like lang/likeverdige utdanning får lik løn.

#### **Kompetansetillegg utover 60 Studiepoeng**

I møte den 31.05.2022 fjerna administrasjonsutvalet kompetansetillegg utover 60 studiepoeng. Dette kan falle uheldig ut for tilsette som ønskjer å ta tilleggsutdanning utover 60 studiepoeng.

Det er ikkje automatikk i at alle med høgskuleutdanning automatisk kan rykke opp i ny stilling, sjølv om ein har gjennomført relevant utdanning på 60 studiepoeng eller meir. For å rykke opp er ein avhengig av å finne passende type stilling/stillingskode i tariffavtalen.

Ser ein bort frå undervisningsstillingar, er det få stillingar som er plassert i tariffavtalen kapittel 4 kor det er krav om 4 eller 5 årig høgskule, samt krav til master grad. Dette kan bety at ein tilsett i stilling med krav om 3 årig høgskule ikkje vil få kompensasjon for utdanning utover 3 årig høgskule + 60 studiepoeng.

Ved å behalde kompetansetillegg utover 60 studiepoeng vil dette medføre at tilsette som er plassert i stilling med krav om 3 årig høgskule kan få kompetansetillegg for utdanning utover 3 + 1 år. Dette vil

være ein motivasjonsfaktor for å gjennomføre utdanning. Det vil også gjer kommunen meir konkurransedyktig i konkurranse om viktig arbeidskraft. I tillegg vil det være ei «rettferdig» forklaring på eventuell lønsforskjeller overfor tilsette som ikkje har relevant etter og vidareutdanning.

Administrasjonen foreslår at administrasjonsutvalet tar inn følgjande kompetansetillegg i lokal lønspolitikk:

75 studiepoeng gjer kr 32 500,- utover tariffesta løn.

90 studiepoeng gjer kr 37 000,- utover tariffesta løn.

105 studiepoeng gjer kr 43 500,- utover tariffesta løn.

120 studiepoeng gjer kr 50 000,- utover tariffesta løn.